



Hordaland Fylkeskommune - kultur og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/919 - 19/12284

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

03.06.2019

Søknad om jordpåfylling og planering på Gbnr. 22/4 Mjåtveit i Meland kommune

Tiltak: Påfylling av jord og planering på ca. 12 daa for å betre beite- og slåtteareal
Gbnr: 22/4
Kommune: 1256 Meland
Frist for utale: 26.06.2019

Meland kommune har motteke søknad frå Magnar Askeland på Gbnr. 22/4 på Mjåtveit, om å få fylla på jordmassar på ein areal på ca. 12 daa, synleg på vedlagte kart.

Søker driv med mjølkeproduksjon og sau, og det omsøkte vert nytta til beite og slåtteareal. Arealet ligg svært nært driftssenter på bruket. Hovuddelen av arealet er i dag beite og slåttearealet er ein mindre del. Søker ynskjer å fylla jord på mellom 0-4 meter for å forbetra arealet. Arealet er i dag grunnlendt og med mykje knausar i dage. Dette gjer at arealet er vanskeleg å stella maskinelt og gjer ein dårlegare bruk av beitet. Jorda på bruket er i hovudsak mykje myrjord, her vil naturleg jordsvinn forårsaka at jordsmonnet vert tynnare som følgje av naturlege prosessar. Dette gjer dyrka marka tyngre å driva og det kan hindre effektiv drenering av areala. Søker har lagd ein plan for korleis massane plasserast, og har ein plan for arrondering og handtering av overflatevatn. Det ligg 3 torvhus og ein steingard nært område og søker opplyser at dei ikkje vert påverka av tiltaket.

Meland kommune ser at tiltaket har stor verdi for søker, då det vil føre til gode beiter og slåtteareal nær driftssenter. Det omsøkte areal ligg i LNF-o mråde og området framstår som eit ope, godt skjøtta kulturlandskap.

Meland kommune ynskjer å klarlegge om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden som kan komme i konflikt med tiltaket. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommune og Meland kommune v/kulturavdelinga for vurdering.

Søknad og kart er vedlagt.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om jordpåfylling og planering vedlagt kart

Kopi til:

Magnar Askeland	Roslandsvegen 293	5918	FREKHAUG
-----------------	----------------------	------	----------

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune - kultur og idrettsavdelinga Meland kommune kulturavdelinga v/ Eirik Bouwer Utne	Postboks 7900	5020	BERGEN
---	---------------	------	--------